



Organisasjonsavdelinga

Arkivsak 201013576-41
Arkivnr. 313
Saksh. Aardal, Sigrid Helene

| Saksgang | Møtedato |
|-----------------|-----------------|
| Klagenemnda | 26.11.2013 |

**KLAGE PÅ VEDTAK OM AVSLAG PÅ KRAV OM DEKNING AV
SAKSOMKOSTNINGER ETTER FORVALTNINGSLOVA § 36 ETTER
OMGJERING AV VEDTAK.**

SAMANDRAG

Advokatfirmaet Schjødt v/advokat Martin Støren har på vegne av Leif Mehus m.fl. klaga på fylkesdirektør regional utvikling sitt vedtak om å avslå krav om dekning av sakskostnader. Saka det vert kravd sakomkostningar for er omgjering av vedtak i sak som gjeld løyve etter akvakulturlova til endra plassering og auka areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune.

Fylkesdirektør regional utvikling har vurdert klaga og ikkje funne grunnlag for å omgjera sitt vedtak om å avslå krav om dekning av sakskostnader.

Fylkesrådmannen rår til at klage frå advokatfirmaet Shjødt v/advokat Martin Støren på vegne av Leif Mehus m.fl. over vedtak om å avslå krav om dekning av saksomkostningar ikkje vert teken til følgje

FORSLAG TIL VEDTAK

Klage frå advokatfirmaet Shjødt v/advokat Martin Støren på vegne av Leif Mehus m.fl. over vedtak om å avslå krav om dekning av saksomkostningar vert ikkje teken til følgje

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

FYLKESRÅDMANNEN, 13.11.2013:

Advokatfirmaet Schjødt v/advokat Martin Støren har på vegne av Leif Mehus m.fl. klaga på fylkesdirektør regional utvikling sitt vedtak om å avslå krav om dekning av sakskostnader. Saka det vert kravd sakomkostninga for er omgjering av vedtak i sak som gjeld løyve etter akvakulturlova til endra plassering og auka areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune.

I sak om krav av dekning av saksomkostninga vart det fatt slikt vedtak:

"I medhald av forvaltningslova § 36 første ledd finn regionaldirektøren at Leif Medhus m.fl. ikkje har krav på å få dekka sine sakskostander etter omgjering av fylkeskommunen sitt vedtak av 31.10.2013. Krav om dekning av sakskostnader frå Mehus m.fl. ved advokat Støren, datert 9.07.2013, blir derfor avslått."

Fylkesdirektør regional utvikling har vurdert klaga og ikkje funne grunnlag for å omgjera sitt vedtak om å avslå krav om dekning av sakskostnader. Ein kan ikkje sjå at det i klaga er kome fram nye opplysningar som gjev grunnlag for å omgjera vedtaket.

Det kan opplysts at det frå advokaten på vegne av partane og er sendt inn same krav om dekning av sakskostnadane til Kvinnherad kommune. Kravet her er på kr. 226.945,-. Advokaten forutset at kommunen og fylkeskommunen finn ut av kostnadsfordelinga seg i mellom.

Etter forvaltningslova sin § 28 kan enkeltvedtak pålagast av *"part eller annen med rettslig klageinteresse"*. Part i ei sak er i følgje forvaltningslova, person som vedtaket direkte rettar seg mot, eller som saka elles direkte gjeld. Vedtaket av 06.09.2013 rettar seg mot Leif Mehus m.fl.. Regionalavdelinga har vurdert Leif Mehus m.fl. å vere part i saka. Vedtaket er dagsett 06.09.2013. Klagen er dagsett 27.09.2013. Regionalavdelinga har vurdert klagen å ha kome inn i rett tid.

Fylkesdirektør regional utvikling sine opplysningar om bakgrunn for saka

"Fylkeskommunen er løyvemyndigheit ved søknader om lokalitetsklarering av akvakulturanlegg.

Den 16.11.2012 søkte Sunnhordland Fjordbruk AS, Tysnes Fjordbruk AS og Rogaland Fjordbruk AS om løyve til ny plassering og auka areal for oppdrettsanlegg på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune. I forkant av søknaden hadde Kvinnherad kommune fatta vedtak av 17.10.2012 om dispensasjon frå kommunedelplanen, slik at det omsøkte anlegget kunne plasserast slik søkerane ønska.

Søknaden blei handsama etter vanlege prosedyrar, slik at fylkeskommunen mellom anna innhenta uttale/vedtak frå relevante fagetatar m.m.

Den 28.01.2013 sende hytteigarane v/advokatfirmaet Schjødt brev til fylkeskommunen, Kvinnherad kommune og Fylkesmannen i Hordaland. Brevet var formulert som ein "protest" mot utviding av akvakulturanlegget, samt ein klage på Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak av 17.10.2012. Det blei gjort gjeldande at kommunen sitt dispensasjonsvedtak av 17.10.2012 var ugyldig, og at det derfor heller ikkje var grunnlag for å gje løyve til tiltaket etter akvakulturlova.

Fylkeskommunen fatta deretter vedtak den 31.01.2013. Ingen av dei aktuelle styresmaktene (kommunen, Mattilsynet, Fylkesmannen, Kystverket og Fiskeridirektoratet) hadde innvendingar mot at løyve blei gjeve. Kvinnherad kommune hadde pr. 30.01.2013 stadfesta at dispensasjonsvedtaket var gyldig, og fylkeskommunen la til grunn at kommunen var nærmast til å avvege forholdet mellom dei private interesser i området.

Fylkeskommunen sitt vedtak blei påklaga den 20.02.2013. Det blei hevda at fylkeskommunen sitt vedtak var ugyldig, og ein varsla at ein ville kome tilbake til dette etter ny politisk handsaming av dispensasjonsvedtaket av 17.10.2012 i kommunen. Etter det fylkeskommunen er kjent med blei det etter dette tidspunkt lagt opp til dialog mellom kommunen, eigarane av akvakulturanlegget og hytteigarane – kor ein til slutt vart samde om plassering og utforming av akvakulturanlegget. Kommunen omgjorde deretter sitt dispensasjonsvedtak av 17.10.2012 den 8.05.2013, i samsvar med det ein var samde om.

Fylkeskommunen var ikkje involvert i denne prosessen, utover at ein med jamne mellomrom gav hytteigarane utsett frist for utfyllande opplysningar til klagen av 20.02.2013. I samsvar med det endra dispensasjonsvedtaket frå kommunen omgjorde fylkeskommunen sitt vedtak av 31.01.2013 den 27.06.2013, slik at plasseringa av anlegget blei endra i samsvar med det ein var samde om."

Klage

Klage frå advokatfirmaet Shjødt v/advokat Martin Støren dagsett 27.september 2013.

"Etter fylkeskommunen sitt vedtak har Leif Mehus v/advokat Støren framsett krav om dekning av klientane sine sakkostnader med kr. 226 945,41. Krav er retta både mot kommunen og fylkeskommunen.

Vi viser til Fylkeskommunens vedtak om avslag på krav om sakkostnader, mottatt her 11. september 2013.

Med dette påklages vedtaket.

Kjernen i Fylkeskommunens argumentasjon er at Fylkeskommunen ikke har ansvar for at vedtaket ble omgjort. Vi er uenige i en slik betraktnsing.

Helt fra sakens start, har vi bedt Fylkeskommunen foreta en selvstendig vurdering av arealspørsmålet slik akvakulturloven fordrer. Det er ikke tilstrekkelig, særlig når problemstillingen ble påpekt herfra tydelig både i brevs form og i gjentatte telefonsamtaler, å legge et åpenbart uriktig dispensasjonsvedtak fra kommunen til grunn for vedtak etter akvakulturloven. Vi minner om at det opprinnelige dispensasjonsvedtaket åpnet for ca 60 daa "boltrepass" for Alsaker Fjordbruk uten at det var konkret behov for så stort areal og uten at nabokonsekvenser var vurdert overhodet. Fylkeskommunens håndtering av saken - hvor man traff vedtak på tross av våre protester - medførte mye ekstraarbeid i saken.

Vi mener omgjøring av Fylkeskommunens vedtak til klagernes gunst gir klart nok grunnlag for krav om dekning av sakkostnader.

Til orientering har vi stadig ikke mottatt kommunens vedtak om sakkostnader. Derfor tas forbehold om ytterligere merknader. Vi håper imidlertid dette ikke blir nødvendig, da vi ber om at forvaltningen opptrer samlet i saken og besørger full kostnadsdekning uten at klagerne må forholde seg til "to hoder"."

Rettsleg grunnlag

Forvaltningslova § 36 første ledd seier:

"Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, med mindre endringen skyldes partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltningens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det."

Fylkesdirektør regional utvikling si vurdering av sakskostnadskravet

"Slik regionalavdelinga ser det må kravet om kostnader som er retta til fylkeskommunen berre vurderast i forhold til fylkeskommunen sitt vedtak i saka. Ordlyden i forvaltningslova § 36 er knytt til eit bestemt forvaltningsvedtak. Fylkeskommunen har ikkje vore involvert i Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak og er heller ikkje hierarkisk overordna kommunen. Fylkeskommunen er soleis berre ansvarleg for eigne vedtak, ikkje Kvinnherad kommune sitt vedtak i saka.

I denne saka har Fylkeskommunen endra sitt vedtak av 31.01.2013, ved vedtak av 27.06.2013. Omgjeringa er ein direkte følge av endringa av Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak av 17.01.2012, og er ikkje ein følge av vanleg klagehandsaming av vedtaket. Slik regionalavdelinga ser det er ikkje hytteigarane "part" i saka som gjeld fylkeskommunen sitt vedtak av 31.01.2013, endra ved vedtak av 27.06.2013. Det vert vist til forvaltningslova § 2 (e) kor ein part er ein *"person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder."* Slik regionalavdelinga ser det var hytteigarane ikkje part i det opprinnelige vedtaket, og heller ikkje i det omgjorte vedtaket. Det er i utgangspunktet fylkeskommunen uvedkomande kva som er bakgrunnen for at kommunen endra sitt dispensasjonsvedtak. Allereie av denne grunn har hytteigarane ikkje krav på dekning av sakskostnader etter fvl § 36.

Uansett finn regionaldirektøren at omgjeringa skuldast *"partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltingens kontroll"*. Det følgjer av Rundskriv G-1995-37 side 12 at det er eit vilkår for å få rett til dekning av sakskostnader at endringa skyldast forhold som ligg innanfor forvaltninga sin kontroll. Det må gjerast ei konkret vurdering av dei forhold som låg til grunn for endringa, og om dette er noko forvaltninga skal svare for. Forhold som typisk ville ligge utanfor forvaltninga sin kontroll er at dei faktiske forholda har endra seg sidan første vedtak, eller der endringa skuldast parten sine eigne forhold.

Slik regionalavdelinga ser det er skuldast endringa av vedtaket forhold som låg utanfor fylkeskommunen sin kontroll, og som fylkeskommunen heller ikkje svarar sakskostnader for. Som det følgjer av hytteigarane sine eigne brev har det alt vesentlegaste av motseigner vore retta mot Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak av 17.10.2012. Det same gjeld argumentasjonen i forhold til sakskostnadsspørsmålet.

Slik vi ser det skuldast omgjering av vedtaket ikkje anna enn at Kvinnherad kommune – i dialog med hytteigarane og eigarane av akvakulturanlegget – opna for ei anna løysing enn dei opprinnleger hadde gjeve dispensasjon for. Fylkeskommunen har ikkje hatt påverknad eller kontroll på den prosessen som enda med at dei underliggende forhold (dispensasjonsvedtaket) blei endra, slik at fylkeskommunen sitt vedtak som konsekvens blei endra. Endringa skyldtes forhold som ligg utanfor fylkeskommunen sin kontroll.

Fylkeskommunen er for øvrig ikkje hierarkisk overordna Kvinnherad kommune, og er ikkje ansvarlig for kommunen sitt dispensasjonsvedtak av 17.10.2012, som seinare blei omgjort den 8.05.2013. Fylkeskommunen kan følgjeleg ikkje vere ansvarleg for krav mot kommunen, verken solidarisk eller på annan måte. "

Fylkesdirektør Regional utvikling si vurdering av klagen

"I vedtaket av 31.01.2013 vart arealbruken vurdert av regionalavdelinga, samt at ein la til grunn Kvinnherad kommune si stadfesting av at dispensasjonsvedtaket frå kommuneplanen var riktig. Denne delen klagen rettar seg mot vedtaket etter akvakulturlova. Det som skal vurderast her er vedtaket etter forvaltningslova som gjeld krav om dekking av sakskostnader.

Klagar har framført at omgjering av vedtaket gjev klart nok grunnlag for dekning av sakskostnader, og ikkje kome med ytterlegare grunngjeving eller kommentert fylkeskommunen sine argument for å ikkje ville dekke desse kostnadene.

Konklusjon

Regionalavdelinga har vurdert saka på nytt og kan ikkje sjå at det er framført nye opplysningar i klagen som gjev grunnlag for omgjering av vedtaket. Saka vert med dette send til klagenemnda i Hordaland fylkeskommune for klagehandsaming."

Fylkesrådmannen si vurdering

I følgje fvl. § 36 er det berre saka sine partar som har rett til å få dekkja saksomkostninga som har vore nødvendige for å få endra vedtaket. Vedtaket som vart gjort av fylkeskommunen gjeld søknad om løyve til lokalitetsklarering av akvakulturanlegg. Part i denne saka er søkeren Sunnhordland Fjordbruk AS, Tysnes Fjordbruk AS og Rogaland Fjordbruk AS som søkte om løyve til ny plassering og auka areal for oppdrettsanlegg. Det er desse som er part i høve fylkeskommunen sitt vedtak.

Hytteeigarane v/ Leif Mehus har klaga på vedtaket, men vert ikkje part i saka av den grunn. Dei har fått rett til å klaga på lokaliseringsvedtaket på bakgrunn av at dei har "rettsleg klageinteresse" i saka, noko som følgjer av fvl. § 28.

Fylkesrådmannen finn difor at den vurderinga som er gjort av underinstansen i høve dette må leggjast til grunn.

I denne saka har fylkeskommunen endra sitt vedtak av 31.01.2013, ved vedtak av 27.06.2013. Omgjeringa er ein direkte følgje av endringa av Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak av 17.01.2012. Fylkeskommunen sitt vedtak må leggja til grunn det arealet det vert gjeve dispensasjon for hos kommunen. At kommunen her endra sitt dispensasjonsvedtak etter samtalar og kontakt med hytteeigarane har fylkeskommunen ikkje innverknad på. Dette ligg utafor fylkeskommunen sitt område.

Når fylkeskommunen fatta sitt første vedtak 31.01.2013 etter søknad frå Sunnhordland Fjordbruk AS, Tysnes Fjordbruk AS og Rogaland Fjordbruk AS vart det lagt til grunn at det var eit gyldig fatta vedtak i kommunen. At kommunen seinare omgjorde sitt vedtak vil ikkje dermed sei at deira første vedtak var ugyldig.

I klaga er det og peika på at fylkeskommunen ved behandlinga av søknaden ikkje hadde vurdert arealbruken knytt til lokaliteten. Av saksutgreiinga som gjeld søknaden finn fylkesrådmannen at dette er gjort. Her vil ein og peika på at saka har vore sendt på høyring til ulike instansar og at desse ikkje hadde merknader til dette.

Fylkesrådmannen seier seg einig i den vurderinga som er gjort av underinstansen i høve til saksomkostningskravet. Det vesentlege i høve til dette er at fvl. § 36 ikkje gjev andre en parten sjølv ein rett til å få dekka nødvendige utgifter til å få endra vedtaket.

Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av dette til at klage frå advokatfirmaet Shjødt v/advokat Martin Støren på vegne av Leif Mehus m.fl. over vedtak om å avslå krav om dekning av saksomkostninga ikkje vert teke til følge.